

Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår:

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

23.03.2018

Uttale til dispensasjonssøknad – gbnr 84/26 Kvalvågnes

Vi viser til «*Oversending av søknad om etablering av anneks til uttale – gbnr 84/26 Kvalvågnes*» datert 27.02.2018, sak 18/336. Det er søkt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 – byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø – og frå arealføremålet LNF.

Eigedomen er omfatta av *kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra*, og annekset er vist plassert 22,5 meter frå sjø. Eigedomen er bebygd med fritidsbustad på om lag 140 m² BRA, på arealføremålet LNF.

Når det gjeld punktet om at tiltaket er i strid med byggeforbodet lang sjø, vil tiltaket vil vere godt synleg frå sjø og bidra til nedbygging av strandsona. Planavdelinga er i utgangspunktet negativ til dette punktet.

Den maksimalt tillate storleiken på fritidsbustader er 120 m² BRA, jf. kommunedelplanen § 2.13. Gjennom § 4.7 er det opna for moglege unntak frå dette kravet, då det her går fram at det på eksisterande fritidsbustader innanfor LNF-område *kan* gjevast dispensasjon, men at samla bruksareal *ikkje bør* overstige 120 m². Den omsøkte eigedomen er allereie bygd ut med meir enn 120 m², og med det omsøkte annekset vil det totale bruksarealet verte om lag 170 m², dvs. ei utbygging som ligg over 40% høgare enn bør-kravet. Gjennom § 4.18 i kommunedelplanen er det også ei mogleg opning for LNF-spreidd for gitte eigedomar, men den aktuelle eigedomen er ikkje lista opp blant desse i vedlegg B.

Det ville kunne ha vorte opning for etablering av eit anneks på denne eigedomen dersom det totale bruksarealet ikkje oversteig 120 m², eventuelt berre gjekk noko over dette talet, men i dette tilfellet er det tale om ei stor overskriding. Planavdelinga er negativ til dette punktet.

Konklusjon

Planavdelinga vil rå ifrå at det vert gjeve dispensasjon for etablering av anneks på gbnr. 84/26.

Med helsing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRÅUMAR BLIR RØYNDOM



Planavdelinga
v/Kristin Nielsen